



Handlingsplan 2026 – 2027

Fagforbundet Alver

Vedteke av årsmøtet 27. januar 2025

Innleiing

Handlingsplanen skildrar Fagforbundet sine målsetjingar for perioden 2026–2027. Dette gir fagforeininga eit toårig handlingsrom for å realisere måla, noko som gir eit meir langsiktig perspektiv i planlegginga og påverkar vurderinga av kva mål som skal setjast. Samstundes må planen sjåast i samanheng med dei årlege budsjettvedtaka.

Handlingsplanen er årsmøtet sitt oppdrag til fagforeiningsstyret for komande periode, og byggjer på Fagforbundet sitt Prinsipp- og Handlingsprogram, Organisasjonsprogrammet, Strategiplanen for 2026–2027, samt andre vedtak fatta i overordna organ.

Handlingsplanen er fagforeininga sitt styringsverktøy, og skal mellom anna bidra til at fagforeininga lukkast med å nå sine mål. Måla i handlingsplanen er formulerte slik at det skal vere mogleg å måle om dei vedtekne målsetjingane er nådde. Måloppnåinga i handlingsplanen føreset at fagforeininga gjennomfører aktivitet i tråd med vedtak fatta på overordna nivå.

Handlingsplanen dannar grunnlaget for fagforeiningsstyret si utarbeiding av strategiar og tiltak i perioden.

Kostnadane som følgjer av handlingsplanen vert konkretiserte i fagforeiningas sitt budsjett.

I arbeidet med å utforme handlingsplanen kan det vere nyttig å kartleggje dagens situasjon og identifisere utfordringar i tabellen under:

Fagforeningens nosituasjon og utfordringar (jfr. Organisasjonsprogrammet vedteke av Landsmøtet 2025)			
Område	No situasjon	Utfordringar kort sikt	Utfordringar lang sikt
Økonomi	Økonomi kan vere ei utfordring i både offentlege og private verksemdar. Økonomien til Alver kommune er stram, og kommunen må gjere mange kutt innafor alle områder.	Det kan komme endringar på arbeidsplassane i samband med eventuelle organisasjonsendringar og moglege privatiseringar av offentlege tenester.	Tap av arbeidsplassar, dårlege arbeidsforhold, dårlege løns- og pensjonsvilkår for våre medlemmer om offentlege tenester blir privatisert/lagt ut på anbod.
Yrkesfaglege utfordringar	Fleire arbeidsgjevarar krev i større grad utdanning på høgskulenivå i samband med tilsettingar.	Tap av tilsette med fagbrev.	Uheldig utvikling for samfunnet og for unge nyutdanna arbeidstakarar.
Heltidskultur	Det er framleis mange som jobbar ufrivillig deltid.	Dårleg økonomi for den enkelte.	Stor belastning på grunn av shopping av vakter.
Tariffmakt	Mange tilsette i offentlege og private verksemdar er framleis uorganiserte.	Vi taper tariffmakt.	Vi får mindre påverknad i forhold til rettar og lønn.

Strategiplan 2026-2027

Strategiplanen er Landsstyret si prioritering av arbeidet i heile organisasjonen, og gir retning for Fagforbundets innsats i perioden 2026 – 2027.

I Strategiplanen for 2026 – 2027 er følgjande seks områder prioritert:

- Tariffmakt og organisasjonsbygging
- Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar
- Gode offentlege tenester med eigne tilsette
- Eit trygt og inkluderande arbeidsliv
- Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleg politisk påverknad
- Digitalisering

Handlingsplan/

Kommentar: Hovudmål er satt inn (jfr. Strategiplan 2026 – 2027).

1. Tariffmakt og organisasjonsbygging

Nasjonale mål 2026 – 2027:

- Auke organisasjonsgraden i kommunal sektor og i Spekter helse
- Auke talet på yrkesaktive medlemmar med 1,5 prosent årleg
- Auke tillitsvald dekninga innan private områder

Strategiar 2026 – 2027:

- Bygge velfungerande klubbar, med godt skulerte tillitsvalde
- Prioritere verveinnsatsen der den gir størst effekt, som i kommunal sektor og i Spekter helse
- Sørgje for at rekruttering av nye medlemmar skjer hovudsakleg på arbeidsplassen
- Tett oppfølging av unge medlemmar i overgangen frå elev/student/lærling til yrkesaktivt medlem
- Fagforbundet skal vere synleg gjennom heile utdanningsløpet

Auke organisasjonsgraden i kommunal sektor og i Spekter helse
Fagforbundet Alver sin organisasjonsgrad skal auke med minst 2 prosent i kommunal sektor
Fagforbundet Alver snakkar med tillitsvalde om viktigheita av verving, av nye medlemmar på arbeidsplassane.
Auke talet på yrkesaktive medlemmar med 1,5 prosent årleg
Fagforbundet Alver skal auke talet på yrkesaktive medlemmer med 125 nye medlemmer svarande til litt over 11%
Fagforbundet Alver skal setja av kr. 36.000 til vervekampanjar per år.
Auke tillitsvald dekninga innan private avtaleområde
Fagforbundet skal auke tillitsvald dekninga med 25 %
Fagforbundet Alver har i 2026 og 2027 fokus på PTV samling for private arbeidsplassar.
2. Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar
Nasjonale mål 2026 – 2027:
• Fleire arbeidsgivarar, spesielt innan helse og omsorg, har starta arbeidet med å etablere ein heiltidskultur • Redusere bruken av deltid og sørge for at fleire av Fagforbundets medlemmar har heile, faste stillingar • Redusere lønsskilnader gjennom å løfte heile laget • Forbetre og tryggje pensjonsrettane til medlemmane
Strategiar 2026 – 2027
• Bruke partssamarbeidet for å få til fleire heile stillingar • Vidareføre og forsterke arbeidet med å fjerne kjønnsbaserte lønsskilnader • Tariffeste kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar i privat sektor
Fleire arbeidsgivarar, særleg innan helse og omsorg, har starta arbeidet med å etablere ein heiltidskultur
Fagforbundet Alver skal jobba for ei heiltidskultur og at heile stillingar er normalen.
Redusere bruken av deltid og sørge for at fleire av Fagforbundet sine medlemmar har heile, faste stillingar

Fagforbundet Alver skal jobba for at fleire av våre medlemmer har heile, faste stillingar.
Redusere lønsskilnader gjennom å løfte heile laget
Fagforbundet Alver skal jobba for harmonisering av lønn og jobba for ei lønnsutvikling som minst opprettheldt kjøpekrafta.
Forbetre og tryggje pensjonsrettane til medlemmane
Fagforbundet Alver skal jobba for å tariffesta tenestepensjonsordninga i fleire tariffområder og at kommunen si pensjonsordning ikkje blir sendt ut på anbod.
3. Gode offentlege tenester med egne tilsette
Nasjonale mål 2026 – 2027: • Offentlege finansierte tenester blir ikkje konkurranseutsette, og ein større del av tenestene i kommunar, fylkeskommunar og helseføretak blir drivne med egne tilsette • Konkurranseutsetjing, privatisering og sosial dumping blir nedkjempa gjennom kunnskap, kartlegging, skulering og påverknadsarbeid • Styring og leiing i offentlig sektor byggjer på tillit og partssamarbeid Strategiar 2026 – 2027 • Synleggjere fordelane og moglegheitene ved offentlig eigarskap og drift i eiga regi • Synleggjere kostnader og ulemper ved konkurranseutsetjing og privatisering, og samanhengen mellom konkurranseutsetjing, sosial dumping og aukande skilnader i samfunnet • Være pådrivar til vedtak om tillitsbasert styring og leiing, og partssamarbeid i stat, kommunar og fylkeskommunar
Offentlege finansierte tenester blir ikkje konkurranseutsette, og ein større andel av tenestene i kommunar, fylkeskommunar og helseføretak blir drivne med egne tilsette
Fagforbundet skal krevje drift med egne tilsette framfor anbodsrundar for å sikre tilsette sine løns- og arbeidsvilkår. Formidle yrkesfagleg argumentasjon for å drifte offentlege tenester med egne tilsette, og sikre samarbeid mellom valde etter hovudavtalen og valde etter vedtektene.

Konkurransetutting, privatisering og sosial dumping blir bekjempa gjennom kunnskap, kartlegging, skolering og påverknadsarbeid
Fagforbundet Alver skal jobba for å motverka konkurransetutting og privatisering gjennom aktivt fagleg politisk samarbeid.
Fagforbundet Alver skal jobbe for at Alver kommune innan utgangen av 2027 har vedtekne tiltaksplanar mot sosial dumping og arbeidsmarknadskriminalitet.
Fagforbundet Alver skal jobba for at politiske parti lokalt forpliktar seg til drift av offentlege tenester i eigen regi.
Styring og leiing i offentlig sektor byggjer på tillit og partssamarbeid
Fagforbundet Alver skal bruke trepartssamarbeidet for å bygge tillitsbasert styring og leiing.
4. Eit trygt og inkluderande arbeidsliv
Nasjonale mål 2026 – 2027: • Sjukelønnsordninga står sterkt i perioden • Utviklinga i arbeidstid går i ei helsefremjande retning og støttar opp om eit godt arbeidsmiljø • Endre rettsutviklinga som har etablert seg, der tilsette med redusert arbeidsevne som ikkje kan fylle si 100 % stilling, kan seiast opp • Sikre yrkesskadedekning i alle våre tariffområder • Det er forhandla fram ny IA-avtale i alle våre tariffområder, og Fagforbundet sine viktigaste saker er tekne vare på Strategiar 2026 – 2027 • Danne breie alliansar med organisasjonar og parti som støttar politikken vår • Informere om korleis svekte vilkår for sjukeløn vil råke arbeidstakarar og samfunnet som heilskap • Sikre medlemmane våre sjukepengar ved dokumentert sjukdom
Sjukelønnsordninga står sterkt i perioden
Fagforbundet Alver jobbar aktivt / politisk for å påverke politiske parti til å behalde sjukelønnsordninga slik den er i dag eller forbetre den.

Utviklinga i arbeidstid går i ei helsefremjande retning og støttar opp om eit godt arbeidsmiljø.
Fagforbundet Alver jobbar aktivt gjennom politisk arbeid og tillitsvalt arbeid / trepartsarbeid for å forbetre arbeidsvilkår for medlemmane.
Endre rettsutviklinga som har etablert seg, der tilsette med redusert arbeidsevne som ikkje kan fylle si 100 % stilling, kan seiast opp
Fagforbundet Alver støttar / jobbar for at medlemmar med redusert arbeidsevne skal kunne bidra etter restevne i arbeid.
Sikre yrkesskadedekning i alle våre tariffområde
Fagforbundet Alver jobbar politisk opp mot sentrale ledd i Fagforbundet og politiske parti vi samarbeider med for å påverke slik at fleire yrker får yrkesskadedekning.
Det er forhandla fram ny IA-avtale i alle våre tariffområder, og Fagforbundet sine viktigaste saker er tekne vare på.
5. Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleg politisk påverknad
Nasjonale mål 2026 – 2027: • Fagforbundet sine medlemmar brukar stemmeretten i kommune- og fylkestingsvalet, samt kyrkjevalet i 2027 • Talet på lokale samarbeidsavtaler med politiske parti skal aukast • Fleire læreplassar og utdanningar som er tilpassa behova i samfunnet Strategiar 2026 – 2027 • Fagforeiningar arbeider opp mot partia sine programprosessar • Løfte fagleg politiske kandidatar på partia sine nominasjonsmøte • Byggje alliansar for å sikre størst mogleg gjennomslag for Fagforbundet sine kjernesaker • Samarbeide med utdanningsinstitusjonar, arbeidsgivarar og politiske aktørar om gode utdanningar og rett til livslang læring
Fagforbundet sine medlemmar brukar stemmeretten i kommune- og fylkestingsvalet, samt kyrkjevalet i 2027
Fagforbundet Alver skal jobba for at alle medlemmar brukar stemmeretten sin.

Fagforbundet Alver fremmar sine politisk aktive medlemmar til kampanjar på fylke.
Talet på lokale samarbeidsavtalar med politiske parti skal aukast
Fagforbundet Alver skal jobba for å auke talet på lokale samarbeidsavtalar med politiske parti.
Fagforbundet Alver inviterer inn politiske parti vi har samarbeidsavtale med til møte.
Fleire læreplassar og utdanningar som er tilpassa behova i samfunnet
Fagforbundet Alver skal jobbe for å auke talet på læreplassar innanfor alle yrkesseksjonar.
6. Digitalisering
Nasjonale mål 2026 – 2027:
• Tillitsvalde forstår digitale verktøy og er i stand til å påverke gjennom partssamarbeidet • Tillitsvalde brukar digitale verktøy i oppfølginga av medlemmane • Tillitsvalde og medlemmar er trygge i digitale omstillingsprosessar på arbeidsplassen
Strategiar 2026 – 2027
• Bidra til å motverke digitalt utanforskap • Sørgje for at digitale løysingar er integrerte i partssamarbeidet • Målrette den digitale kompetansen hos tillitsvalde mot system som forbundet nyttar
Tillitsvalde forstår digitale verktøy og er i stand til å påverke gjennom partssamarbeidet
Fagforbundet Alver skal gjennomføre opplæring i org 365 / teams, slik at tillitsvalde kan bruke dette i sitt arbeid og i samhandling med andre tillitsvalde.
Tillitsvalde brukar digitale verktøy i oppfølginga av medlemmane
Fagforbundet Alver skal implementere Org365 for alle plasstillitsvalde og setje i gang opplæring av alle tillitsvalde, slik at dei samhandlar med andre tillitsvalde innafor eige tariffområde og andre tariffområder.
Fagforbundet Alver skal fortsetje med å få KLAR i gang hos alle plasstillitsvalde og tilby opplæring til alle som treng dette.
Tillitsvalde og medlemmar er trygge i digitale omstillingsprosessar på arbeidsplassen

7. Lokale utfordringar

Fagforbundet Alver skal jobba for at alle tillitsvalde gjennomfører Fagforbundet si skulering for å auke kunnskap og tryggleik for å ivareta medlemmane sine interesser i faglege og politiske saker.

Fagforbundet Alver skal auke deltakinga av tillitsvalde på kurs/opplæring/temamøte/fagdagar osb. Dette for å bidra til auka kunnskap hjå tillitsvalde.

Fagforbundet Alver skal auke deltaking av medlemmar på temamøter/fagdagar osv. Dette for å auke interessa hjå medlemmane for arbeidet til Fagforbundet.

Fagforbundet Alver skal auka arbeidsplass besøk pr år. Mål er 1 arbeidsplass pr måned i 2026 og 2027 i tillegg til besøk i vervevekene.

Fagforbundet Alver skal ha faste møter med alle PTV 1 gong pr. måned.

Fagforbundet Alver skal gjennomføre minimum 4 medlemsmøter både i 2026 og 2027

Fagforbundet Alver skal gjennomføre 4 PTV samlingar i 2026 og 2027